



Margit Kristiansen
Selfallet 47
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/577 - 15/1625

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
10.02.2015

Plansak 12602011000100 Reguleringsplan Langhøyane bustadfelt - vedrørende klage

Saka var meldt opp til møte i kommunestyret 29. januar 2015, men vart trekt av ordføreren frå saklista ved møtestart. Grunngevinga er at kommunen etter forvaltningslova ikkje kan handsame ei klage som er sendt inn på eit vedtak som er fatta for meir enn eitt år sidan.

«Forvaltningslova § 31 (oversitting av klagefristen)

Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt

- a) parten eller hans fullmektig ikkje kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med å klage, eller*
- b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.*

Ved vurdering av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.

Klagen kan ikke tas under behandling som klagesak dersom det er gått mer enn ett år siden vedtak ble truffet.»

Til møtet var det og lagt fram ein annan klage på reguleringsplanen for Langhøyane. Til orientering tok ikkje kommunestyret denne klagen til følge. Grunngevinga var at Statens vegvesen syner til at fylkesveg 410 må detaljprosjekterast før dei kan vurdere om det er ei god løysing å flytte vegen 2 meter. Rådmannen si innstilling til vedtak i denne saka er difor ikkje å ta klage til følge, men vurdere vegen i samband med prosjektering i ei byggjesak.

Med helsing

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Berit Rossgård

Mottakarar:
Margit Kristiansen Selfallet 47 5936 MANGER